



Årsrapport 2013 - SNO-Sogndal JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK



Lokalt SNO: Anne Rudsengen

I tillegg er det kjøpt tenester av:
Utmarksressurs v/Ole Runar Aabrek
Kjetil Ruud, Luster
Diverse entreprenørar og fagarbeidrar

Førord

Dette er tredje årsrapporten frå SNO-Sogndal til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2013 for nasjonalparken. For dei ulike tema er det sagt noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og tilrådingar vidare.

Arbeid gjennomført etter «Bestillingsdialogen» mellom SNO og nasjonalparkstyret hausten 2012 er omtalt og utkvittert i vedlagte skjema. Lokalt SNO har brukt mykje tid på planlegging og gjennomføring av dei største bestilte tiltaka som er restaurering av stien over Kamperhamrane i Oppstryn og stien frå Øygard til Flatbrehytta i Fjærland. Noko av dette arbeidet ligg i grenseland til nasjonalparkforvaltaren sitt arbeid, men det har var ynskjeleg at SNO utførte dette ettersom det gjennom vinter og vår var vikar for forvaltaren.

Arbeidet som SNO utfører blir i stadig større grad dokumentert gjennom ulike databaser. Den elektroniske feltdagbok viser m.a. kor mykje tid som er brukt i ulike verneområde, og i Verneområdeloggen vil etter kvart alle tiltak og alle anlegg i nasjonalparken bli kartfesta og vist med bilde.

Anne Rudsengen
Naturopsyn
tlf: 95963888

Framsidefoto: Ved inngangen til Brenndalen i Oldedalen. Brenndalsbreen inst i dalen.

Innhold

Føreord.....	2
Innleiring	4
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a	4
Kontroll og tilsyn	5
Utviklingstrekk	6
Grenseskiltning.....	6
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år.....	6
Formidling.....	7
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:	9
Informasjon om breane.....	9
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt:	10
Utkvittering av bestilte tiltak i 2013 (jf skjema B og C)	10
Restaurering av stiar i nasjonalparken.....	10
Restaurering av stien fra Øygard til Flatbrehytta i Fjærland.....	11
Restaurering av ferdslivegen over Kamperhamrane i Oppstryn	12
Restaurering og vedlikehald av andre populære stiar i/ved nasjonalparken	14
Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år:	15
Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt.....	15
Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år:.....	16
Utsiktsrydding framføre Bøyabreen	16
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:.....	16
Etterord.....	16
Vedlegg:	18
A. SNO kjerneoppgaver – innspel/forventingar frå styret til SNO på SNO sine kjerneoppgåver	18
B. Bestillinger frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til SNO personellressurser utover SNO sine kjerneoppgåver: utkvittert og forslag til oppfølging	18
Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver (fylles ut avforvaltn.myndighet)	18
Statens naturoppsyn (SNO)	19

Innleiing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette er ein formell plattform mellom forvalningsstyregruppa og SNO. Med bestillingsdialogen ser ein på kva for arbeid, tiltak og prioriteringar som bør utførast i forvalningsområdet for kvart år. SNO rapporterer om aktiviteten i inneverande år og seier noko om kva som er utfordringar, utviklingstrekk og kjem med forslag til oppfølgingar. Dette vil då vere eitt av innspela og bakrunnen for å stake ut kurset for neste år.

Bestillingsdialogen er formalisert gjennom eit skjemasytem (A,B og C-skjema), sjå vedlegg. Dette blir sendt til DN/SNO sentralt som prioriterer tiltaksdelen utifra statsbudsjettet og nasjonale politiske føringer. Nokre større prosjekt bruker å bli løfta fram for å få fram ”fyrtårn-prosjekt” som kan vare over fleire år. Skållastiprosjektet har vore eit slikt. Trongen for midlar er ulike i verneområda og kan variere frå år til år.



Sherpaer frå Nepal har også i år gjort eit stort arbeid med restaurering av stiar i nasjonalparken. Her frå Kamperhamrane der dei klarte å spette vekk ei diger steinblokk frå den gamle ferdsslevegen.

Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

På oppsynsturane freistar vi å ha eit ope øye for alt rundt oss. Sjølvve tilsynet med at verneforskrifta blir halde ligg under heile tida, og det er ingen stor utfordring i nasjonalparken. Også i 2013 har det blitt utført registreringsarbeid av skilt, bygg og tekniske anlegg for innlegging i databaseprogrammet Verneområdeloggen som vil bli tilgjengeleg for nasjonalparkstyret. Elles freistar vi å registrere/ha oversyn over m.a. endringar i bruk/slitasje, framande artar, truga artar og kulturminne. For alle verneområda vil det bli utarbeid Bevaringsmål for ulike tema og aktuelle dyre- og planteartar. Dette er enno ikkje på plass for Jostedalsbreen nasjonalpark.

SNO følgjer opp tiltak og dispensasjonar som nasjonalparkstyret har bestemt. Etter kvart blir òg alle tiltak og aktivitet som SNO utfører i nasjonalparken registrert på kart og med bilde og tekst i den omtalte Verneområdeloggen. SNO registerer òg i databasane www.artsobservasjoner.no og www.rovdata.no



Bestandskartlegging av jerv er ein av oppgåvene til SNO vinterstid. Ikkje sjeldan bruker jerven Jostedalsbreen som "motorveg" for å kome raskt mellom aust og vest. Her ser vi spor etter eitt dyr som har tatt seg ein tur ned i øvre del av Jostedalen i april.

Kontroll og tilsyn

Både SNO og nasjonalparkstyret kan på fritt grunnlag melde brot på verneforskrifta. I 2013 hadde SNO ingen anmeldingar på brot på verneforskrifa for Jostedalsbreen nasjonalpark, men forvaltar og oppsyn kom saman over eit forhold der nasjonalparkstyret har handsama saka. Framføre Brenndalesbreen i Oldedalen var det tilrettelagt med sitteplassar og ei steingruve for bålbrunning. I tillegg stod det ein lavvo attmed. Ettersom dette ikkje er ei stor sak, så har forholdet ikkje blitt meldt til politiet. Men ettersom det er grunn til å tru at det er same aktør som tidlegare har teke seg til rette med bygging av mellom anna tretrapper utan løyve, så er saka vidaresendt til Fylkesmannen og Miljødirektoratet. Utfallet av saka er pr. 02.12.13 ikkje avklart.

Ved Bødalseter fekk SNO tips om ei gammal ureiningssak. I ein morenahaug attmed setra er det frå gammal av laga til «eit kjøleskåp»; ei hole som er grave inn i bakken og med ein mindre støypekant rundt. Denne vart brukt til å halde mat og drikke kaldt på setra. Denne vesle jordkjellaren har etter kvart blitt brukt som søppelplass. SNO vil ta på seg å rydde dette spesielle kulturminne neste år, gjerne i lag med grunneigarane.



Borna på Bødalseter kunne stolt vise SNO denne gamle jordkjellaren og dei likte ikkje at heile "kjøleskåpet" var fyllt opp med søppel.

Utviklingstrekk

Nasjonalparken er stor, og det er umogleg å vere like godt tilstades overalt. Når nærveret av oppsyn eller forvaltning ikkje er så ofte, kan det bli sett i gang tiltak som skulle ha vore omsøkt. Eit større nærvær av forvaltning/oppsyn vil òg kunne informere om aktuelle samarbeidstiltak, økonomisk stønad og liknande.

SNO ser at det er ei auke i turistflyging over nasjonalparken. Verneforskrifta gir eit forbod om å flyge lågare enn 300 meter over terrenget (grensa er 150 m utanfor nasjonalparken). Det er vanskeleg å stadfeste om ein del av flyginga bryt denne grensa. Ein ser òg at det oftare er større utanlandske båtar/yachtar som ligg i fjordarmane som har med eige helikopter. Det er viktig å få fram informasjon om reglane som gjeld flyging over verna områda til desse. Helikopterflyging er mest populær på solskinsdagar då òg mange turgårar ynskjer å gå på tur. SNO vil følgje med på denne aktiviteten.

Grenseskilting

Der ein sti (godt brukt) kryssar grensa til nasjonalparken skal det stå eit grenseskilt, eit «løveskilt». Dette er ikkje eit juridisk skilt, men det skal formidle at ein her er på veg inn i nasjonalparken. Skilta falmar etter kvart, blir øydelagd av vêr og vind eller blir tekne (souvenirer/herverk). I 2013 vart det skifta skilt i Langedalen på Veitastrond, framføre Briksdalsbreen og på stien til Skålåtårnet.

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år

Målet for 2013 var å få sett opp skilt på alle aktuelle stader kring nasjonalparken. Dette måleter ikkje nådd, difor må dette følgjast opp i 2014. Alle skilta blir fotografert og lagt inn på kart i verneområdeloggen.

Formidling

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt. Likevel er det ofte vi som tek kontakt med folk vi møter i naturen og då kjem gjerne naturfaglege spørsmål opp som samtaleemne. Med den store mengda med folk som besøker Jostedalsbreen nasjonalpark, så er det mange aktuelle å formidle til.

Tilrettelegging for spesifikke formidlings- og informasjonstiltak er ofte tidkrevjande med mykje planlegging i forkant og det er difor føringar frå SNO-sentralt at ein ikkje skal involvere seg i for mange prosjekt. I 2013 arrangerte SNO Sogndal og Luster eit felles formidlingstiltak i samband med Brefestivalen i Jostedalen i mai. Då vart born og foreldre invitert til «Tidsreise framfor breen» med fokus på korleis dei første jostedølane nytte seg av ressursane i naturen. Borna deltok i fleire aktivitetar knytt til naturen, m.a. å lage rognesprøyte og drikke sjølvplukka bjørkelauvte. SNO hadde utstilling og lavvo under Lustradagane i Gaupne der også forvaltarane i området deltok. Vidare deltok også SNO-lokalt i 2013 både på 20-års jubileum for Jostedalsbreen nasjonalparksenter og re-opening av Breheimssenteret i juni.



Figur 1 Under Brefestivalen i Jostedalen endte gruppa som deltok på "Tidsreise framfor breen" her ved SNO-lavvoen som sto i morenelandskapet rett utafor Nigardsbreen naturresevat.

Ettersom heile SNO er omorganisert så høyrer no SNO-Sogndal til «Seksjon for naturbruk», i lag med tolv kollegaer frå heile landet. I tillegg til å vere «multifunksjonelle», så skal vi spisse oss på kunnskap om tilrettelegging som t.d. restaurering av stiar og bygging av bruar.



Heile seksjon for naturbruk i SNO var samla i Loen for å lære om tilrettelegging i verneområde.

Det store arbeidet som er gjort på restaurering av stien til Skålataåret har skapt merksemd utover landegrensene. Tilsaman ti representantar frå Naturvårdsverket og Länstyrelsen (tilsvarende Miljødirektoratet og Fylkesmannen) kom difor på studietur til nasjonalparken i september i samarbeid med SNO. Nasjonalparkforvaltar og nestleiar i nasjonalparkstyret deltok på delar av besøket.



Alle svenskene frå Länstyrelsen og Naturvårdsverket gjekk heilt opp til Skålataåret i samband med studieturen til Jostedalsbreen nasjonalpark. Nasjonalparkforvaltaren og SNO var guidar og tilretteleggarar.

Gjennom året har lokalt SNO bistått nasjonalparkforvaltaren og vore til stades på alle møta som nasjonalparkstyret har hatt og der bidrige med informasjon og føredrag.

For sjette året på rad har prosjektet «Tunsbergdalsbreen Monitory Program» hatt ungdom på leir i nasjonalparken. Føremålet med det tre veker lange opphaldet er å lære enkelt friluftsliv, om bre og utføre eit måleprogram på Tunsbergdalsbreen. SNO-Sogndal var med

ungdommane på den lange turen inn heile Røykjedalen i Jostedalen til Røykjedalsbandet der ein får eit flott utsyn over heile Tunsbergdalsbreen.



Deltakarar på leiren med utsikt til Tunsbergdalsbreen. Bildet er frå Røykjedalsbandet i Jostedalen.

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:

Jostedalsbreen nasjonalpark er lett tilgjengeleg med mange innfallsportar med mykje interessant å formidle, ikkje minst innan geologi. Med store besøktal ligg det godt til rette for å ha naturformidlarar på slike stader. Dette vil kunne vere eit godt supplement til nasjonalparksentrene.

Informasjon om breane

Vi har allemannsretten i Noreg som gjer det mogleg for folk å ferdast fritt i utmark om ein viser respekt for landbruket og dyrelivet elles. Dette gjer at vi ikkje, med loven i handa, kan nekte folk å gå på stader der dei kan utsette seg for fare. Turistar som kjem til Jostedalsbreen ynskjer naturleg nok å oppleve breen på nært hold og mange går difor tett inntil eller opp på isen utan nok kunnskap og utsett seg difor for fare. SNO ser det som ei informasjonsoppgåve å sette opp skilt framføre brearmane som fortel at ein ikkje må gå vidare. Sjølv om brearmane dei siste åra har trekt seg tilbake, er det likevel fareleg å gå tett på mange stader fordi det kan rase ned is frå breen høgare oppe. Fleire stader der breen har trekt seg tilbake vil steinura vere laus med fare for utglidning og steinsprang. Det står brefareskilt framføre i alt ni brearmar kring Jostedalsbreen.

Framføre Briksdalsbreen vart det i 2011 sett opp «eit konsertgjerde» for å hindre at folk går nedunder breen. Det er politiet som har eigarskapet til dette ettersom det er dei som kan sette opp stengslar i utmark for å ivareta liv og helse.

SNO vart i løpet av sommaren kontakta av breførarar både framføre Bødalsbreen og Brenndalsbreen med oppfordring om betre skilting av brefare. Ut på sommaren vart begge desse breane for bratte i front til å drive enkel blåisvandring. Dette kan endre seg på kort tid.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt:

Sjølv om brearmane trekker seg tilbake er det framleis trøng for opplysning til publikum i dette ”levande” landskapet som er framføre brear. Det er steinsprangfare mange stader og fleire brefrontar er bratte å gå på. Difor er det sett opp «Brefareskilt». Gjerdet som er sett opp framføre Briksdalen er i grått og dominerer ikkje i landskapet, men er eit tydeleg stengsel når ein nærmar seg. Dei bør difor stå eller skiftast ut viss dei blir øydelagt gjennomvinteren.



Bødalsbreen er no sopass bratt i front at han ikkje er eigna til breføring for urøynde. På høgre side inn mot breen er det bratt og utsett for steinsprang. Dette blir det informert om med skilting i terrenget.

Utkvittering av bestilte tiltak i 2013 (jf skjema B og C)

Restaurering av stiar i nasjonalparken

I sommar har SNO hatt ansvar for to store restaureringsarbeid på stiar/gamle ferdslevegar i nasjonalparken. Kamperhamrane i Sunndalen, Stryn og stien til Flatbrehytta i Fjærland. Begge prosjekta er oppfølging av planen «Restaurering av fem gamle ferdslevegar i Jostedalsbrenn nasjonalpark». På bakgrunn av denne vart arbeidet organisert av lokalt SNO i samarbeid med nasjonalparkforvaltar. Grunneigarar og andre lokale aktørar i Fjærland (bygdelag, reiselivslag, turlag og idrettslag) vart invitert til å kome med bidrag i møte. I Oppstryn stilte Setrestyret for Sunndalen seg veldig positiv til restaureringsarbeidet over Kamperhamrane når det var teke opp på årsmøtet. Etter anbodsrunde på begge tiltaka fekk Fjellbonde Geirr Vetti arbeidet som gjaldt steinsetting (bruk av sherpa-arabeidskraft og kunnskap) og Utmarksressurs AS v/Ole Runar Aabrekke fekk prosjekt- og arbeidsleiinga (inkludert ein god del praktisk arbeid med skoging). I Fjærland tok SNO over arbeidsleiinga mot slutten av prosjektet pga. permisjon. I tillegg deltok ein grunneigar i kvart av prosjekta på timebasis og det var også ekstern hjelp til anna arbeid som bygging av bruar og frakt.

Restaurering av stien frå Øygard til Flatbrehytta i Fjærland

Flatbrehytta, både den gamle steinbua (bygd i 1954) og den nyare hytta ligg på 1000 moh, og kan sjåast på som eit kulturminne. Mykje historie er knytt til brevandring og brekurs i dette området. Utsikt frå stien gir eit mangfaldig inntrykk av mykje av verneverdiane i nasjonalparken. Etter att det store flaumskredet (jöklelaupet?) øydela delar av stien opp til Flatbrehytta i mai 2004, har det vore trong for å få restaurert stien skikkeleg. Med arbeidet som vart utført i år, har dei vanskelege og utglidde partia blitt utbetra. På ein del bratte klyv har det blitt bygd opp med steintrinn. To nye bruar er på plass. Og ved Flatbrehytta er det meste av muren framføre hytta bygd opp att. Det er berre Stein frå staden som er brukt.



Tørrmuring av steintrapp opp eit bratt sva nær Flatbrehytta.



Fj ny og solid bru (to kraftige stålbeljer er kledd inn) har kome på plass over Koppelvi på stien om Nipeskaret til Flatbrehytta.

Her er ei oppsummering av arbeidet på stien til Flatbrehytta. Eigen rapport føreligg.

Fakta restaurering Fjærland 2013

Dagar i fjellet med Sherpa	18
----------------------------	----

	Meter	Stikk-renner	Punkt og strekningar utbedra
Ved sva 220 moh.	8	1	1
Mellomstrekks på gamal traktorveg	2	2	2
Alibakken, opp frå traktorveg	20	1	1
Mellomstrekks på etablert sti	10	2	7
Omlegging før Tunga	60		1
Muring mellom Kroggilja og nasjonalparkgrense	5		2
Frå Tunga om Rabbane til Flatbrehytta	105	2	25
Gjennom ur under omlegging mot Nipesteinshola	10		5
Omlegging mot Nipesteinshola	120	1	1
Ved Flatbrehytta			
Totalt	340	9	45

I tillegg er det bygd og montert ei permanent bru over Koppelvi, samt laga ei flyttbar bru over Kroggilja

Kostnader stiltilrettelegging til Flatbrehytta, inkl. mva.

Anbod annonsering	4205
Prosjekt- og arbeidsleiring (øg praktisk arbeid som rydding av skog)	131368
Brumateriale, arbeid og frakt (helikopter)	50131
Overnatting	11250
Steinsetting (sherpaarbeid)	372945
Sprenging	3053
Diverse, (borr, litt verktøy)	2384
	575336

Restaurering av ferdslevegen over Kamperhamrane i Oppstryn

Kamperhamrane er den bratte passasjen på den gamle ferdslevegen som gjekk frå Sunndalen i Oppstryn til Raudalen i Skjåk. Dette var eit viktig bindeledd mellom Nordfjord og Gudbrandsdalen som òg har vore nytta som drifteveg. Riksantikvaren og DNT har plukka ut denne stien, som ein av dei to første i landet, for å synleggjere ferdslevegen som kulturminne. Ettersom stien har vore nytta for å drive krøtter over fjellet, var det bygd opp og lagt til rette med stein og heller. I alt 3000 trinn i følgje gamle kjelder. Denne strekninga har no blitt restaurert. I tillegg har det blitt bygd opp att mange store siktevardar og andre særmerkte vardar. I skogavakse har det blitt rydda ein del skog for å få fram att den opprinnelige traseen med som var steinsatt og varda. Berre den stadeigne steinen er nytta i restaureringsarbeidet.



Fleire store siktevardar over Kamperhamrane vart restaurert. Her ser vi vestover og ned i Sunndalen.



Grunneigar, saubonde og fjellmann Ingolf Folven bistod i arbeidet i Kamperhamrane.



Prosjekt- og arbeidsleiar Ole Runar Aabrek og "sjefs-sherpa" Sonam Tshering Sherpa er nøgd med utført arbeid.

Her er ei oppsummering av arbeidet i Kamperhamrane. Eigen rapport føreligg.

Fakta restaurering Kamperhamrane 2013

Dagar i fjellet med Sherpa	26
----------------------------	----

	Meter/antall
Muring av trapper, legging av steinheller	278
Stikkrenner	9
Vøling av vardar. Plukka ned delvis og heilt, før reist opp att.	20
Helikopterløft	10

Kostnader stivilrettelegging Kamperhamrane, inkl. mva:

Anbod annonsering	1913
Prosjekt- og arbeidsleiing (øg praktisk arbeid som rydding av skog)	122830
Frakt av anleggsrigg, (bruk av helikopter, kran, traktor, stor bil)	67263
Steinsetting (sherpaarbeid)	396850
Diverse, mest til lethus (propanflasker, verkty med mer)	15000
	603856

Restaurering og vedlikehald av andre populære stiar i/ved nasjonalparken

Arbeidet med vedlikehald av stien opp mot Steinmannen i Jostedalen er så vidt starta opp. Det er rydda tre og busk langs stien opp til Tuftebresteinen og det er gjort ei vurdering og prøvd ut korleis ein skal betre kryssing av våte parti. Vi vil vidareføre ut eit system dei har bruk i Balestrand. Vidare så har SNO og innkjøpte tenester, utført vedlikehald av stien inn til Bergset, på Skålastien og stien inn til Bødalseter.



På stien opp til Tuftebresteinen i Jostedalen har ein starta opp vedlikehaldsarbeidet. Stien går vidare opp til Steinmannen.

Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år:

Det er mange stiar og gamle ferdslevegar i nasjonalparken som treng vedlikehald av ulike grunnar. I planen «Restaurering av fem gamle sti og ferdslevegar i Jostedalsbreen nasjonalpark» ligg det klar omtale og kostnadsoverslag for tre nye stiar: Stien opp Oldeskaret, opp Lundeskaret og opp til Steinmannen frå Bergset. Elles bør det utarbeidast konkrete eigarskaps- og vedlikehaldsmodellar slik at ein er sikra at dei investerte tiltaka blir tekne vare på. Stiane inn mot Kjenndalsbreen, Bøyabreen og Supphellebreen er i all hovudsak tilgjengeleg for rullestolbrukarar og dette bør ein sikre også i framtida.

Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt

Arbeidet med å lage tekster og samle inn bilde og vurdere kvar kvart einskilt skilt skal stå er godt i gang. Ettersom det er ulik tekst og ulike bilde på kvart skilt så er det eit ressurskrevjande arbeid. Bremuseet er involvert i administrering av arbeidet, nasjonalparforvaltar er prosjektleiar og lokalt SNO bidreg med lokalkunnskap og bilde. Grunneigarar og bygdelag blir invitert til å plassere skilt og har fått tilskot til å bygge opp eit skiltsttv viss det ikkje finst frå før...

I 2013 vart det ferdigstilt fire skilt:

Sunndalen

Plassert på eige tavle som er sett opp av grunneigarar ved p-plassen i Sunndalen.

Tungestølen

Plassert på dobygget til Base Camp ved Tungestølen. Skiltet kan flyttast viss det kjem opp felles tavle på parkeringsplassen ved inngangen til Austerdalsbreen.

Brenndalen

Plassert på låvevegg i Brenndalen ved inngangen til dalen. Grunneigar/brukar i Brenndalen vil flytte skiltet i samband med oppsett av ny informasjonstavle ved parkeringsplassen ved Trollbu ved hovudvegen i Oldedalen.

Erdalen

Skiltet er ferdiglagd men enno ikkje kome opp.

Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år:

Arbeidet må vidareførast og det bør sjåast i samanheng med skilt/tavler som ein ynskjer å sette opp i samband med det nasjonale merke- og graderingssystemet for stiar. I tillegg bør det vere ein gjennomgang på skilting ved innfallsportane. Her er det ofte fleire aktørar som bør samarbeide betre.



I Sunndalen sette grunneigar opp ei større tavle ved parkeringsplassen slik at det er mogleg å informere om meir enn nasjonalparken.

Utsiktsrydding framføre Bøyabreen

Også seit på hausten i år vart det mogleg å rydde meir skog slik at dei geologiske verneverdiane vert meir synleg framføre Bøyabreen. Flishaugane som vart liggande att etter oppflising av tre som vart hogge i 2012 har sunke saman og er ikkje til særleg sjenanse slik ein kunne trudd.

Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingpunkt neste år:

Sjølv om også Bøyabreen går tilbake, så er han eit mektig skue og landskapet i kring viser korleis breen har forma det. Når no ein del tre og busk er fjerna vil dei geologiske spora synast betre. Den aller beste oppfølginga er eit stor beitetrykk med ulike husdyr. Det er truleg ikkje lett «å sette på» mykje beitedyr i dette området, så ein bør vurdere om det skal hoggast meir og dei rydda områda må følgast opp.

Med så stort besøk som Bøyabreen har og med kort veg frå parkeringsplass til utsiktspunkt, ligg det godt til rette for å gje meir informasjon til dei besøkande og lage ein flott innfallsport/entre til nasjonlaparken her.


Etterord

Jostedalsbreen nasjonalpark er ein mykje besøk park med ein god infrastruktur med mange innfallsporter og med mange rettigheitshavarar og andre aktørar og interesser. Det er difor naturleg at det er mange som ynskjer mykje om og for dette området. Tiltaka i Jostedalsbreen nasjonalpark har vore mykje tilrettelegging for turgårarar, lokale og tilreisande noko som er naturleg, etterspurt og i samsvar med verneforskrifta. Det blir òg gjort ein god del arbeid på

den informasjonsdelen som gjeld skilting. På tiltak innan skjøtsel – kulturlandskap og informasjon – naturrettleiing er det ikkje gjort så mykje. Her er det mykje å gripe tak i, men det skorter på personressursar over tid. Samanlikna med nasjonalparkane vi legg i nærleiken av (Breheimen, Reinheimen og Jotunheimen), så har Jostedalsbreen færre personressursar både på forvaltnings- og oppsynsida. Jostedalsbreen nasjonalpark, ein av dei mest besøkte i landet, fortener meir!



Innfallsport ved Bergset i Jostedalen med utsikt til Tuftebreen



Innfallsport i Veitebergsdal i Jølster

Vedlegg:

A. SNO kjerneoppgaver – innspel/forventingar frå styret til SNO på SNO sine kjerneoppgårer

Tema	Merknader
Oppsyn	Halde oppsyn med at verneforskrifta vert halde i Jostedalsbreen nasjonalpark. Halde oversikt over truga og framande artar i verneområdet.
Kontroll	Sjå til at styrevedtak vert overhalde i dispensasjonssaker og halde generell kontroll med motorferdsel i nasjonalparken.
Grensemerking	Sjå til at innfallsportar har grensemerke og at gamle skilt vert bytta ut.
Vegleiing	Vere til stades ved viktige arrangement og møte folk der dei ferdast.
Erfaring	Følgje opp det nye nasjonalparkstyret, vere tilstades med erfaring og kompetanse på styremøte når det trengs.

B. Bestillinger frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til SNO personellressurser utover SNO sine kjerneoppgårer: utkvittert og forslag til oppfølging

Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver (fylles ut av forvaltningsmyndighet)

Bestillings-nummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/lokalisitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til videre oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (fylles ut etter utf. arb.)
JBNP 1 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Systematisk registrering/ bilete av faste installasjoner, t.d			Det er utført ein del registreringar som vil bli lagt ut på verneområdeloggen.	Oppdraget er ikkje sluttført og bør vidareførast.

				bruver, løveskilt, infotavler, etc.				
JBNP 2 – 2012	3		Jostedalsbreen nasjonalpark	Oppfølging av arbeidet på Skålastien. Mindre årleg vedlikehald. Måling av revegetasjon og slitasje. Ev. gjødsling nokre stader langs stein.			Oppfølging og mindre årleg vedlikehald av Skålastien er gjennomført. Det er teke detaljbilde, men ikkje utført måling av slitasje. Gjødsling er ikkje omsøkt.	Vidareføre med oppfølging gjerne i samråd med det nyopprettet "Skålastilaget".
JBNP 3 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Fortsette arbeidet med ferdselstellar på same stader: Skåla, Bødalsseter, Austerdalen og Bergset.	x	Grunna problem med å få ut gamle registreringar og ustabil datafagleg oppfølging, er ikkje ferdselsteljinga vidareført.	Der styret ynskjer ei ferdselsteljing der informasjonen blir brukt i ei samanheng, vil SNO arbeide for å få til dette. Maksisum 3-4 teljarar.	
JBNP 4 – 2012	2 – Frist før turistsesong en		Jostedalsbreen nasjonalpark	Vurdere sikringstiltak framføre aktuelle brearmar.		Dette er følgd opp og ettersett ved dei aktuelle brearmane.	Bør vidarførast fordi det m.a. er steinsprangfare framføre fleire brefronter.	
JBNP 5 – 2012	3		Jostedalsbreen nasjonalpark	Kartlegge førekomstar av mnemosynesommer fugl, rovfugl andre raudlista artar, samt svartelisteartar	Avh av funn	Funn i samband med bestandskartlegging av jerv ligg i rovdata-basen som har innsynsløysing på nett. Andre registreringar er ikkje ført.	Bør vidareførast.	
JBNP 6 – 2012	1		Jostedalsbreen nasjonalpark	Restaurering av gamle ferdelsvegar: Prosjektleiar for eitt eller to prosjekt.		Utført og to rapportar i samarbeid med Utmarksressurs AS føreligg	Hovudarbeidet er gjennomført, men restaureringsarbeidet bør følgjast opp årleg. Styret bør arbeide for eit breitt eigarskap til stiane.	

JBNP 7 – 2012	1		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidra til prosjekt med infoskilt rundt breen			Fire skilt er produsert og tre av desse er sett opp. SNO har bidratt med tekst og bilde.	Kan vidareførast.
JBNP 8 – 2012	3		Jostedalsbreen nasjonalpark	Bidra i prosessen med rev. av forvaltningsplanen			Førebels i hovudsak berre muntleg, men òg med eit stort bildearkiv og registreringar i verneområdelogg.	Bør vidareførast.
JBNP 9 – 2012	1		Jostedalsbreen nasjonalpark	Hovudansvar for naturformidlingsprosjekt. Avhengig av midlar gjennom bestillingsdialogen			Ikkje gjennomført grunna mangel på midlar. Eit anna, naturformidlingsprosjekt ”Tidsreise framføre breen” vart gjennomført.	Arbeidskrevjande tiltaks som bør vurderast i høve andre tiltak.
JBNP 10 – 2012	2		Jostedalsbreen nasjonalpark	Reparasjon/vedlikehald av skilta rundt nasjonalparken			Ettersyn utført, og tre grenseskilt skifta.	Bør vidareførast.

Underskrift/evt sign forv.myndgihet:



Statens naturopsyn (SNO)

SNO er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som utøver mynde etter Lov om statlig naturopsyn av 21. juni 1996. Lova gir SNO-personell tilsynsmynde og ansvar for oppsyn av følgjande miljølovar: friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfiskelova, markalova, småbåtlova og delar av ureiningslova i heile landet, både på offentleg og privat grunn. Oppgåva er todelt og rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden og tilsyn med menneske si åtferd i naturen i høve gjeldane regelverk. Ei viktig utfordring for naturoppsynet er skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Den nasjonale leiinga i SNO ligg i Miljødirektoratet i Trondheim og det heiltidstilsette lokale naturopsyn har arbeidsstad knytt til sitt geografiske oppsynsområde; totalt over 60 lokale kontor med til saman 308 fast tilsette mot utgangen av 2013, fordelt på 97 naturopsyn/naturrettleiarar, 157 rovviltkontaktar fast tilsett på tilkalling, 25 fast tilsette sesongoppsyn i tillegg til 29 i den sentrale administrasjonen. Organisasjonen er delt i tre avdelingar med sju seksjonar; avdeling naturopsyn arter, avdeling naturopsyn areal og avdeling organisasjon og veiledning.

Hovudoppgåva er informasjon og rettleiing, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette ligg òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltning, m.a. bestandsregistrering og dokumentasjon av skader knytt til den lovfesta erstatningsordninga på bufe og tamrein. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. SNO har òg eit overordna ansvar for Skjærgårdstjenesten; ei interkommunal ordning med hovudansvar for skjærgårdsparkane mellom Bergen og Halden.

SNO samarbeider med andre aktørar innan naturopsyn som til dømes fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særleg er samordninga med politiet viktig når det gjeld kontrolloppgåvene. Samarbeidet med ulike aktørar er formalisert gjennom avtalar, rolleavklaringar og tenestekjøpsavtaler. Der SNO er tilstades i dei store verneområda er samarbeidet med områdestyrer og nasjonalparkstyrer viktig. I andre verneområde er det eit samarbeid med fylkesmannen og lokal forvaltning. Vidare har SNO ei rekke samarbeidspartnarar som naturinformasjonssentra, friluftsråd, ideelle organisasjonar innafor friluftsliv og naturforvaltning, landbruksorganisasjonar, reiselivsselskap, samt kommunar og bygdelag. SNO er framleis i vekst og utviklar seg i tråd med dei rammene som finst i forarbeid til lovar og gjennom styringsdialogen med Klima- og miljøverndepartementet.